

# ÅRSPLAN

Motlandsmarka barnehage  
2017-2018

“Saman om ein god barndom”



Omsorg og Tryggleik Likeverd og Raushet Leik og Glede

## Innholdsliste

Barnehagen sitt samfunnsmandat .....	3
1.0 Presentasjon av barnehagen .....	3
1.1 Kommunen sin visjon: Me løfter i lag .....	3
1.2 Barnehagen sin visjon .....	4
1.3 Barnehagen sin eigenart .....	4
2.0 Barnehagen sitt verdigrunnlag .....	5
2.1 Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg .....	5
2.2 Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for leik .....	5
2.3 Barnehagen skal fremme danning .....	5
2.4 Barnehagen skal fremme læring .....	6
2.5 Progresjonsplanar .....	7
3.0 Fokusområder frå Kvalitetsplan for barnehagen .....	7
3.1 Trygt psykososialt barnehagemiljø .....	7
3.2 Utvikle vennskap .....	7
4.0 Medverknad .....	7
4.1 Barn .....	8
4.2 Foreldresamarbeid .....	8
5.0 Overgangar .....	8
5.1 Når barnet begynner i barnehagen .....	8
5.2 Overgangar innad i barnehagen .....	8
5.3 Overgang mellom barnehage og skule .....	9
6.0 Samarbeid .....	9
6.1 Samarbeid internt i barnehagen .....	9
6.2 Samarbeid med eksterne instansar .....	9
7.0 Vurdering .....	9
ÅRSHJUL MOTLANDSMARKA BARNEHAGE .....	11
Planleggingsdagar .....	11

## Barnehagen sitt samfunnsmandat

*Barnehagen sitt samfunnsmandat er i samarbeid og forståing med heimen, og ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.*

*Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering.*

*Barnehagen sitt samfunnsmandat er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barnet sitt beste. ( Lov om barnehagar, §1).*

### 1.0 Presentasjon av barnehagen

Motlandsmarka barnehage er ein forholdsvis ny kommunal barnehage, som ligg i utkanten av Nærbø sentrum med mange flotte naturområder og fasilitetar like i nærleiken. Me har blant anna skog og mark, Jærmuseet, Bibliotek, fuglepark og ishall som me nyttar ofte.

Me har og eit spennande og utfordrande uteområde som er delt inn i ulike soner og som gjer rom for ulik leik og mestring. Inne har me eige biblio-/mediatek, dramarom, formingsrom og aktivitetsrom og fleire grupperom. Her har me gode moglegheiter til å legge til rette for å dele i mindre grupper og sjå det enkelte barn og lage gode rammar for å verne om leik og vennskap.

#### 1.1 Kommunen sin visjon: Me løfter i lag

Kommunen sin visjon er «Me løfter i lag».

Me i Motlandsmarka barnehage står saman om å gjera det som er til det beste for barna og om å vera med å skape ein god barndom for barna.

Verdiane til Hå kommune er: Open. Driftig. Stolt.

- **Open:** For oss betyr open at me er imøtekomande, positive, tilgjengelege, inviterer inn, tek oss tid, deler glede og humor, byr på oss sjølve, er anerkjennande, møter vaksne og barn som likeverdige og at me er raus.
- **Driftig:** Betyr at me skal jobbe mot eit felles mål, er engasjerte og held oss fagleg oppdaterte, får teori omsett i praksis, er fleksible og lagar gode planar for dagen,

fordeler ansvar, har klare målsetningar og sett desse ut i praksis, evaluerer, vurderer og eventuelt endrar praksis.

- **Stolt:** Stolt vil seie at me er stolte over eigen arbeidsplass, me set pris på at me har ein meningsfylt jobb, ser- og set ord på endringar me får til i fellesskap, verdiar og barnesyn og kunnskap som me deler. Me er og stolte over våre gode kollegaer og det teamet som me alle er ein del av.


## 1.2 Barnehagen sin visjon

Barnehagen sin visjon er «Saman om ein god barndom». Ein god barndom er å oppleve tryggleik og omsorg, likeverd og raushet. Det er å få relasjonar til nokre vaksne som du kan vera trygg på at vil deg vel og som ser deg for den du er. Vaksne som gjer deg akkurat det du treng av støtte for at du skal klare å mestre kvardagen sjølv. Det er å få oppleve vennskap og god tid til lek, glede og humor; alt dette i samarbeid med foreldre.

## 1.3 Barnehagen sin eigenart

I barnehagen vår har me fokus på å legge til rette for den gode barndom og verdsetter gode relasjonar ved å møte barna på ein likeverdig og anerkjennande måte. Visjonen vår «Saman om ein god barndom» bygger på gode relasjonar mellom barn-barn, barn-vaksne. Kvaliteten i barnehagen ligg i relasjonane seier May Britt Drugli.

For å illustrera vår eigenart har me laga vår eigen logo. Treet har røter under jorda som me ikkje ser, det same som me tenkjer om alle menneske me møter. Alle har me noko inni oss som ingen andre ser. Det er både arv, miljø og tidlegare erfaringar som er med å påverke oss til å bli den me er. For at treet skal veksa å bære frukter, treng det næring. Det same kan me sei om alle oss menneske, for å kunne utvikle oss og bli den beste utgåva av oss sjølv, treng me og næring. I barnehagen vår tenkjer me at den viktigaste næringa alle kan få er å få omsorg, oppleve tryggleik, å bli møtt som likeverdige og med raushet, og at alle treng å få oppleve lek og glede. Og det er ut frå desse verdiane me skal møte alle barna som kjem til oss. Alle er ulike og unike, og vår oppgåve er å møte dei der dei er og gje dei det dei treng for å læra å utvikle seg, til å få tru på seg sjølv og eiga mestring og få oppleve å vera ein viktig del av fellesskapet.



## 2.0 Barnehagen sitt verdigrunnlag

### 2.1 Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik» R.p. s. 19, «Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.» (Rammeplan for barnehagen, 2017. s.19)

Dette betyr at i Motlandsmarka ser me personale som:

- Trøster alle som er leie – alltid!
- Ser kvart enkelt barn – alle er unike med ulike behov.
- Bekreftar barn sine følelsar, set ord på dei, tåler dei og hjelper barna med å sortere følelsane sine.
- Er sensitive vaksne, vare for barna sine signaler.
- Er tilgjengelege for barna og møter deira behov.
- Sett oss ned på barna sitt nivå og ikkje snakkar over hovudet på dei.
- Møter barna med eit varmt hjarte og kaldt hovud.

### 2.2 Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for lek

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til lek skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for lek, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.»(Rammeplan for barnehagen 2017. s.20).

Dette betyr at i Motlandsmarka barnehage ser me personale som:

- Er tilstade i lek for å kunne vera gode rollemodellar.
- Gjer barna impulsar til lek og rettleiar dei ved behov slik at dei kan oppretthalde leiken.
- Gjer alle barn moglegheit til å leike.
- Er engasjerte og aktive ledsagere i barn sin lek i barnehagen.

Personalet skal sette av tid til lek og inspirere til lek gjennom å organisere både rommet og leikene slik at barna kan vidareutvikla leiken sjølv. Dei må vera sensitive overfor barna, sjå kva dei liker, mestrer og løfte fram barna på dette.

Birgitta Knutsdotter Olofsson seier at leiken er barna sin eigen pedagogikk som me vaksne har som oppgåve å forvalte. (Det viktigaste er å få leike, Ôhman, 2012).

### 2.3 Barnehagen skal fremme danning

«Barnehagen skal bidra til at barna skal forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Danning er ein livslang prosess som handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og fylgjast opp.» (Rammeplan for barnehagen:2017. S. 21)

I barnehagen vil me i personalet legge til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna. Synleggjere og verdsetje ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet og legge merke til, anerkjenne og følgje opp barna sine perspektiv og handlingar.

Dette betyr at i Motlandsmarka barnehage ser me personale som:

- Tek barna på alvor.
- Lar dei få påverke det som skal skje i barnehagekvardagen.
- Lærer seg samfunnet sine normer og verdiar. Det å vera ein del av ei barnegruppe, kan me sjå på som det å vera ein del av samfunnet sitt fellesskap.
- Ser aktive barn som vert sett og høyrte og vaksne som anerkjenner barn sine uttrykk og handlingar.

Å oppleve å verte sett og høyrte, få lov til å påverke og erfare at mi mening kan føre til ei endring, er ein del av dette.

Danning er haldning, livslang læring og solidaritet. Me dannast inn i eit demokratisk samfunn og i dei relasjonane me er i. Då vil det få betydning korleis du blir møtt av vaksne rundt det, det er med på å gje barna eit bilete av seg sjølv. Då blir det viktig at barna sine ord, meningar og perspektiv vert høyrte, lagt merke til og anerkjent.

## **2.4 Barnehagen skal fremme læring**

*«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Barn sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennas, stimuleras og leggas til grunn for deira læringsprosesser»(Rammeplanen s. 22).*

Dette betyr at i Motlandsmarka barnehage ser me personale som:

- Støtter barn sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær.
- Lar barna få oppleve tryggleik og mestring, og på denne måten bidrar til eit godt grunnlag for livslang læring.
- Undrar seg saman med barna.
- Snakkar saman med- og sjå kvart enkelt barn sine interesser.
- Organiserer rommet, dele i mindre grupper.
- Er tett på, engasjerte og rettleier.

Læring føregår ikkje berre i planlagde aktivitetar, men og i meir eller mindre spontane kvardagsaktivitetar. I Motlandsmarka barnehage er me opptekne av at kvardagen skal vera god og trygg. Bringe- og hentesituasjonar, måltid, av- og påkledning, stell og soving, er situasjonar me ser på som kvardagsaktivitetar. Dette er gode og viktige læringsarenaer, der personalet må ha eit bevisst forhold til Rammeplanen, barn sin medverknad, sosial kompetanse, omsorg og danning. Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske og tryggleik er ein føresetnad som må ligge til grunn for læring om mestring.

*«Barnet er i leiken medan læringa er i barnet» (Kjetil Steinholt 1998).*

## **2.5 Progresjonsplanar**

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, erfare, lære og oppleve framgang.» Me jobbar ut frå didaktiske planar som legg til rette for læring og progresjon til barna i barnehagen. Me evaluerer planar og praksis ved hjelp av kvalitetskrysset for å stadig kunne forbetre praksis.

## **3.0 Fokusområder frå Kvalitetsplan for barnehagen**

Barn og psykisk helse er fokusområde for 2017-2018. Gjennomgåande for kvalitetsplanen er fokuset på dei vaksne. Kompetanse, haldningar og verdiar må vise igjen i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

### **3.1 Trygt psykososialt barnehagemiljø**

I barnehagen må personalet ha kompetanse på å førebyggja og beskytta barn i ulike risikogrupper. Barnehagen har og ein plan for å førebyggja sosial utestenging/mobbing.

Barnehagen skal arbeide for å skape eit godt, førebyggjande barnehagemiljø, der barn og vaksne har felles referansar for kva som er ok åtferd. Der ein oppmodar barna til å gje beskjed dersom dei ser oppførsel som ikkje er ok, jobbar med vennskap og gode relasjonar og skapar eit raust miljø der forskjellar vert sett pris på. Det er viktig med personale som er tilstade der barna er i leik, både inne og ute, slik kan dei sjå situasjonen ut frå barna sitt ståsted, rettleia i leiken og fremmer eit godt samspel i barnegruppa.

### **3.2 Utvikle vennskap**

Barn kan danne vennskap gjennom leiken. Det å få vera med på felles opplevingar, og felles aktivitetar i barnehagen, kan danne grunnlag for leik, og etter kvart vennskap. I eit leikefelleskap legg ein grunnlag for vennskap og å få delta i leik og få venner legger grunnlaget for barn sin trivsel og mestring i barnehagen.

Dette året jobbar personalet med boka: «Se barnet innenfra» av Ida Brandtzæg og Stig Torsteinson. Denne boka har fokus på å jobbe med tilknytning og relasjonar og dei vaksne sin rolle i det å skape tryggleik, vise godheit, regulera barna sine følelsar og hjelpe til i leik og vennskap. Og på denne måten og legge grunnlag for eit trygt psykososialt barnehagemiljø og vennskap.

## **4.0 Medverknad**

*«Barnehagen skal ivareta barn sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksamheit, jf. Barnehageloven § 1 og § 2.*

## **4.1 Barn**

*«Barnehagen skal vera bevisst på barna sine ulike uttrykksformer og tilretteleggje for medverknad på måtar som er tilpassa barna sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov» (Rammeplan for barnehagen, s. 27).*

Barna skal få ha innverknad på innhaldet i barnehagekvardagen. Barna skal bli spurt om deira meining, bli lytta til, tekne på alvor og akseptert som kompetente og møtt med respekt og anerkjenning. Barndommen har ein eigenverdi og barna sine synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og modenheit.

## **4.2 Foreldresamarbeid**

Motlandsmarka barnehage ønskjer å ha eit godt samarbeid med foreldra, til barnet sitt beste. Det er foreldra som har hovudansvaret for å oppdra barna sine (barnekonvensjonen og barneloven), men me i barnehagen ønskjer å vere eit positivt og godt supplement til heimen. Me har saman med foreldre utarbeidd eit forventningsdokument som gjeld for alle partar. Dette er utgangspunktet for samarbeid mellom heim og barnehage. Det arrangeras foreldremøter-/samtalar to gonger i året. På samtalanene vert det lagd vekt på kvart enkelt barn, barnet sin trivsel og utvikling, og mestring og utfordringar. Foreldra kan og koma med sine erfaringar. Det er mogleg å spørje om fleire samtalar ved behov.

## **5.0 Overgangar**

### **5.1 Når barnet begynner i barnehagen**

Det er ein stor overgang for barnet å begynne i barnehage. Personalet i Motlandsmarka barnehage ønskjer å leggja til rette for at denne overgangen skal bli så trygg og god som mogleg. For å arbeida i retning av dette inviterer me til foreldremøte for nye foreldre. Der får dei omvising i barnehagen, dei får møte pedagogiske leiarar, samt nyttig og relevant informasjon om barnehagestart og barnehagekvardagen. Me arrangerer besøksdagar i juni, der barn og foreldre får koma til barnehagen og møte primærkontakt og verta kjent på avdeling. Me har tilvenning for barnet der foreldra er med minimum dei tre første dagane. Elles oppfordrar me nye barn og foreldre til å nytta seg av uteområdet til leik på ettermiddagar og helger.

### **5.2 Overgangar innad i barnehagen**

Me samarbeider på tvers av avdelingar for å gjera overgangen ved bytte av avdeling best mogleg.

På tvers grupper er noko me byrjar med i starten av nytt barnehageår, med dei eldste gruppene. Dei minste kjem til etter kvart som dei er blitt trygge nok til å delta. Formålet med På tvers gruppene er at barna skal få vera ilag og verta kjent med barn på andre avdelingar som er på same alder, og bli kjent med dei andre vaksne som er på huset.

I juni arrangerer me besøk på ny avdeling. Då får barnet besøka ny avdeling i lag med primærkontakt, delta i leik, samling og på måltid. Målet er å leggje til rette for ein mjuk



overgang, at barna skal verta kjende og få ein begynnande tryggleik på ny avdeling før oppstart i august. Me har og overgangssamtalar mellom primærkontaktar/pedagogiske leiarar på avdelingane og på den måten kan følgje opp barna på ein god måte.

### 5.3 Overgang mellom barnehage og skule

Me har gode rutinar for overgangen barnehage-skule. Frå februar/mars fram til juni vert barna inviterte til «tilpassa skulestart». Barna får då gå på besøk til 'sin' skule. Her er det eit variert opplegg der barna får verta kjent med skulen sitt inne- og uteområde, lærarar og kvarandre. Dei barna som går i barnehagen den dagen, vert følgt av personalet i barnehagen. De foreldre vert inviterte til foreldremøte på skulen, samt ein overgangssamtale med barnehagen, heimen og skulen.

## 6.0 Samarbeid

### 6.1 Samarbeid internt i barnehagen

Barna i barnehagen er den viktigaste grunnen til at me er på arbeid i barnehagen. Me legg vekt på godt samarbeid på tvers av huset, til det beste for barna. Alle har eit felles ansvar for alle barn, både inne og ute.

Kvar morgon har me morgonmøte, der pedagogane samlast og me ser på ressursar og kva som må til for at dagen skal verta best mogleg. Me har fagmøter og avdelingsmøter ein gong i veka der me deler kompetanse, ser på praksis, reflekterer og evaluerer for å heile tida kunne forbetre praksis.

### 6.2 Samarbeid med eksterne instansar

- PPT – pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste for foreldre og barnehage, kontaktperson er Bente Brekken.
- Barnevernstenesta i Hå: kontaktperson Joanna Ewertowska.
- Helsestasjonen på Nærbø, kontaktperson er helsesøster Linda Indrebø Ødegarden.
- **Sosialpedagogisk team:** Barnehagen har faste møter i sosialpedagogisk team. Teamet består av barnehagen sine pedagogiske leiarar, styrar, kontaktperson frå PPT, barnevernstenesta, helsesøster og fysioterapeut. Dette er eit tverr-etatleg team der barnehagen og foreldra kan ta opp saker for å få råd og rettleiing enten det gjeld enkeltbarn eller barnegrupper. Vert eit barn teke opp med namn skal det alltid vera i samarbeid med foreldra, og foreldra skal gje skriftleg løyve til dette.

## 7.0 Vurdering

Barnehagen skal jamleg evaluera og vurdera det pedagogiske arbeidet. Me nyttar kvalitetskrysset til evaluering, både på avdelingsmøter, fagmøter, personalmøter og plandagar.

**Brukarundersøking:** Foreldre vert inviterte til å svare på brukarundersøking ein gong per år. Resultata nyttar me til evaluering av eigen praksis og til vidare arbeid med å auke kvaliteten på barnehagetilbodet.

**Ståstadsanalyse:** Ståstadsanalyse er eit verktøy me nyttar i barnehagen for å gjennomføre ein kvalitetsvurdering og finne fram til mål og tiltak som skal prioriterast i det vidare pedagogiske arbeidet. Heile personalet deltek i denne prosessen.

### **Bygda Vår: Vil vera eit gjennomgåande tema gjennom barnehageåret.**

I rammeplanen står det under fagområdet Nærmiljø og samfunn at:

*Barn sin medverknad i barnehagen sitt kvardagsliv legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera barna kjent med eige nærmiljø, samfunn og verda. Rpl.s.56.*

Gjennom arbeid med Nærmiljø og samfunn skal barnehagen blant anna bidra til at barna:

- Oppmuntrast til å medverka i eigen kvardag og utviklar tillit til deltaking i samfunnet.
- Utforskar ulike landskap, bli kjent med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærar å orientera seg og ferdast trygt.
- Erfarar at alle får utfordringar og like moglegheiter til deltaking.
- Vert kjent med ulike tradisjonar, levesett og familieformar.
- Vert kjent med lokalhistorie og lokale tradisjonar.

Gjennom dette temaet vil me bruka nærmiljøet aktivt og besøke brannstasjon, Jærmuseet, leikeplassar, friområde og minnesmerker for å gjera oss kjent med det som er rundt oss. Me vil og besøka ulike butikkar og biblioteket, sjå på det som er av arbeidsplassar. Verte kjent med typiske jærske songar, dikt og jærske ord og uttrykk. Kva dyr har me i bygda vår, kva type matproduksjon finn me, stadsnamn, tradisjonar, kulturlandskap m.m. Gjennom året vil det vera ulike opplegg tilpassa den enkelte avdeling og barna sin alder og ut frå kva barna vert opptekne av. Kva fangar interessa hos barna og kva vil dei finna ut meir av?

## ÅRSHJUL MOTLANDSMARKA BARNEHAGE

AUGUST	<p>Oppstart og tilvenning av nye barn.          Flytte barn over på ny avdeling veke 32.  <b>15/8</b> planleggingsdag- barnehage stengt.  <b>14/8</b> siste dag i barnehagen for førskulebarna som skal begynne på skulen.          Innlevering av diverse skjema/info til barnehagen.</p>
SEPTEMBER	<p><b>7/9</b> Besøk av brannbilen  <b>Veke 38</b> brannvern veka.  <b>19/9</b> Foreldremøte kl.19.00-21.00 Temakveld 1 , «Saman om god oppvekst».          Gode nok foreldre v/ Johanne Erfjord.  <b>22/9</b> Frist innlevering haustferielapp.  <b>22/9</b> BliME dansen NRK super</p>
OKTOBER	<p><b>veke 41</b> Skulen har haustferie (mandag 9. oktober- t.o.m. fredag 13. oktober)  <b>18/10</b> Temakveld 2; Saman om god oppvekst, kl. 19.00-21.00  <b>24/10</b> FN- kafé. I år støttar me KPK-Ukraina v/Ellen Lyster Aarsland.  <b>31/10</b> Temakveld 3; Saman om god oppvekst kl. 19.00-21.00</p>
NOVEMBER	<p><b>7/11</b> Temakveld 4; Saman om god oppvekst kl. 19.00-21.00  <b>16/11</b> Storforeldremøte , Tema; Mobbing i barnehagen  <b>17/11</b> Planleggingsdag- barnehagen stengt.</p>
DESEMBER	<p><b>8/12</b> Frist for innlevering av juleferielapp  <b>15/12</b> Førskulegruppa Lucia feiring i Stova i Loen kl. 13.00          Lucia feiring.          Adventskos.          Juleførebuing</p>
JANUAR	<p><b>2/1</b> Planleggingsdag- barnehagen er stengt.  <b>15/1</b> Frist for endring av dagar/tid i barnehagen.  <b>29/1</b> Frist innlevering vinterferie</p>
FEBRUAR	<p><b>6/2</b> Samefolkets dag.  <b>23/2</b> Karneval- bygda vår.  <b>veke 7</b> Skulen har vinterferie ( 12 – 16 feb.)</p>
MARS	<p><b>1/3</b> Frist for å søke barnehageplass.  <b>9/3</b> Frist for innlevering av påskeferielapp  <b>14/3</b> Barnehagedagen. Tema: Kunst kultur og kreativitet  <b>23/3</b> Påskefrukost          Veke 13 er det Påskeferie for skulane.  <b>28/3</b> Barnehagen stenger kl. 12.00  <b>29/3</b> Skjærtorsdag – barnehagen stengt  <b>30/3</b> Langfredag – barnehagen stengt</p>
APRIL	<p><b>2/4</b> 2. påskedag – barnehagen stengt  <b>30/4</b> Planleggingsdag- barnehagen stengt          Fotografen kjem i løpet av april, nærare informasjon kjem etter kvart.</p>
MAI	<p><b>1/5</b> Offentleg høgtidsdag- barnehagen stengt  <b>10/ 5</b> Kristi himmelfartsdag- barnehagen stengt  <b>11/5</b> Planleggingsdag- barnehagen er stengt.  <b>16/5</b> Feiring av 17. mai i barnehagen. Me går i tog, har aktiviteter, et god mat og koser oss.  <b>17/5</b> Grunnlovsdag- barnehagen stengt  <b>21/5</b> 2. pinsedag – barnehagen stengt  <b>24/5</b> Foreldremøte nye foreldre kl. 19.30</p>
JUNI	<p><b>1/6</b> kl.17.00-20.00. Avslutningsfest for førskulebarna.</p>
JULI	<p><b>veke 29 og 30</b> held barnehagen feriestengt.</p>
AUGUST	<p><b>14/8</b> slutter barnehageåret.  <b>15/8</b> nytt barnehage år starter.</p>

**Planleggingsdagar:** Mandag 15. august, fredag 17. november, tysdag 2. januar, mandag 30. april, fredag 11. mai er planleggingsdagar. Desse dagane held barnehagen stengt.